

# Styremøte i V.I.L

## Klubbhuset 16.1.2014

Desse møtte: Einar Hoel, Anders Rem, Yvonne Dale, Trond Håvoll, Inge Sunde, Ellisiv Jarvik, Nelly Ytterli, Magne Eivind Glomnes, Jan Ole Fuglem.

Saker:

### 1. Orientering frå gruppene

Fotball:

Arbeider med å få klare sparekorta for sal. Nokre nye firma er med. Ungdomslag er påmeldt i serien. G14, J14, J16 og G16, det siste samarbeid med NEGF. Yngre lag vert snart påmeldt. Arbeider med årshjul, m.a. for vedlikehald av bane. Får to nye draktsett frå Sparebanken Møre. Delteke i KM Futsal i G14 og G16. Gutane gjekk til B-sluttspel. Norddal kåra av Sunnmøre Fotballkrets til årets fotballkommune 2013..

Trim:

Ribbemarsj eller Nyttårsmarsj 1. januar med god oppslutning, ca 70 deltakarar. Skal samarbeide med langrennsgruppa om bingo i løpet av vinteren. Trimkort, fjelltrimmen 2013 ca 70 kort seld. Premievinnarar er klare og premiar utdelt.

Friidrett:

Leiar delteke på haustmøte i friidrett. Vert lagt merke til at det er bygt bane med kunststoff i Eidsdal. Vert oppfordra til å gå på dommarkurs. Storfjordstemne planlagt 30.8 i Eidsdal, kollisjon med KM friidrett. Lisens på alle mosjonsløp, inkl klasse utan tidtaking, kr 20,- pr deltakar vert innført frå 1.1.14. Gjev nokre utfordringar

Langrenn:

Snømangel gjev utfordringar både med trening og konkurransar. Trening i Langdal 1 gong i veka med hodelykt. Har arrangert første Valldal/Liabygda cup. Skikafe går ut så lenge lysløypa er snøfri. Gruppa taper pengar . Skiskyttarstadion ferdig, med unntak av lys som ikkje er klart. Kostnad på anlegget ca kr 110.000. Finansiert med støtte frå Sparebanken Møre , Gjendigestiftelsen og spelemidlar. Store utgifter til vedlikehald og reperasjonar på trakkemaskina,, nesten 100.000 i 2013. Stormskade i lysløypa, kommunen og Tafjord Kraft tek ein del av kostnaden. Har starta planlegging fram mot å

kjøre ny trakkemaskin. Høg pris. Har seld julenek, planlegg å selje toalettpapir og å arrangere bingo i mars. Programbladet på veg ut.

Valldal IL:

Tilbygg til klubbhus under arbeid. Har sendt søknad om spelemidlar til kunstgrasbane. Søknad om kommunal støtte kjem opp i kommunestyret i februar. Har søkt om NM i motbakkeløp 2015 i samband med Mefjellet opp. Langrennsgruppa har fått eit midlertidig lån frå hovedstyret på kr 12.000 for å betale rekningar

Minner om

- Innlevering av bilag for 2013 til rekneskapskontoret
- Idrettsregistreringen innan 31.1
- medlemskap, medlemskort vert trykt opp og distribuert

## 2. Årsmøte

Årsmøte vert gjennomført slik

- Trim søndag 9.2 kl 19.00
- Fotball måndag 17.2 kl 19.00
- Langrenn tysdag 18.2 kl 19.30
- Friidrett onsdag 19.2 kl 19.00
- Valldal IL onsdag 26.2 kl 19.00

Alle møte vert på klubbhuset. Innkalling gjennom Storfjordnytt og nettsida seinast 1 måned før. Saker til årsmøte i Valldal IL må meldast 2 veker før møte.

Vanlege årsmøtesaker i tillegg at det er førebels er klart at kunstgrasbana og ny trakkemaskin vert sett på saklista.

## 3. Fresbeegolf

Richard Moen har sendt spørsmål om å opprette eiga gruppe for fresbeegolf. Dette krev vedtak på årsmøte. Ei slik gruppe vil ha same rettar og forpliktelsar som andre. Richard Moen vert invitert til å orientere om fresbeegolf på neste styremøte. Kan også vere aktuelt å legge dette inn som ein aktivitet i trimgruppa.

## 4. Olsok 2014

Det er bestemt å arrangere Olsok og Mefjellet opp i 2014. Det er på tide å kome i gong med planlegginga. Dei same personane som var med i 2013 vert spurd om å ta ansvaret også i år.

## **5. Eventuelt**

### **Marknad**

Årets marknad vert palmelaurdag 12. april på Samfunnshuset. Trond får ansvaret for å få i gong marknadsnemnda

### **Vardebrenning**

Laget har fått spørsmål frå kommunen om å ta ansvaret for vardebrenning i samband med Grunnlovsjubileet. Dette skal foregå søndag 16. februar i Lingås området. Anders tek ansvaret for å gjennomføre dette

### **Utleige av tidtakarbrikker**

Det er fleire spørsmål om å bruke laget sine tidtakarbrikker. Det er ikkje aktuelt å låne ut desse utan vederlag. Utleigepris vert sett til minimum kr 10,- pr brikke. Dette må avstemmast mot andre lokale lag som leiger ut brikker. Det må settast opp avtale ved utleige som m.a. klargjer ansvar for leigetakar for skada eller bortkomne brikker.

E Hoel  
ref